



Trygve Øvstebø med Svart Hundens Castor som gjekk til topps i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Hordaland Elghundklubb sin utstilling på grusbana i Uskedalen i fjor vart svært vellukka og det blir ny utstilling i år, nærare bestemt laurdag 29. mai.**

**Det vart med 36 hundar i fjor og det kjem rundt rekna 40 i år, opplyser Anita Lie til uskedalen.no**

Inntil i dag er det innmeldt 36 hundar og det kjem nokre valpar i tillegg.

Nytt av året er at det blir arrangert sosialt samvær med ring-trening med hundane kvelden før utstillinga. Dette året er Arne Gilde dommar.

- Eg trur sikkert at Uskedalen-utstillinga blir ein fast post på programmet i åra som kjem, seier eldsjelen Anita.

Svarhundane er naturleg nok i klår majoritet når det blir halde utstilling for elghundar på Vestlandet, I fjor var det i tillegg stilt fire gråhundar og ein vestsibirsk laika. Ingen Uskedalshundar var å finna på lista i fjor, men det kom slett ikkje av at bygda er eit elghundfritt område.

I fjor var det hannhunden Svart Hundens Castor til Trygve Øvstebø frå Åkra som gjekk til topps.

Av Ola Matti Mathisen